




Bjørn Olav Tveit er styreleiar i Aktivitetshuset . Her hjelper han Johannes Hjørnevåg i den nye klatrevæggen. (Foto: Thor Inge Døssland)

Idrettslaget og skulemusikken er dei største leigetakarane i Aktivitetshuset og dei betalar i dag høvesvis meir i husleige enn tilsvarende lag i andre bygder der kommunen er huseigar.

Dette blir påpeika i årsmeldinga for huset som vil bli lagt fram under årsmøtet 22. mars.



Knut Inge Eidsvik og Harald Myhre har gjort ein stor innsats med ferdiggjering av styrkerommet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aktivitetshuset sin økonomi er avhengig av leigeinntekter frå desse to laga.

Men inntektene er ikkje tilstrekkelege til å handtere låneutgiftene, slik at huset er avhengig av inntekt frå Damevennene og flaskepantordninga for å gå i balanse.

Det bør vere eit mål å sjå etter alternative inntektskjelder.

Slik kan den økonomiske belastninga på dei faste leigetakarane reduserast samtidig som ein gjer økonomien uavhengig av innsats frå Damevennene og flaskepantordninga.

I fjor vart klatreveggen og styrkerommet teken i bruk. Veggen har sidan opninga i haust vore i bruk i 6 timar pr. veke. Mange arbeidde på dugnad med prosjektet og endre Myklebust blir takka spesielt i årsmeldinga.

Aktivitetshuset er i dialog med idrettslaget om å overdra drifta av klatreveggen til dei.

Aktiviteten i styrkerommet har teke seg gradvis opp og no er rommet jamnleg i bruk.

Garderobeanlegget vart ferdig i fjor og dermed er også heile prosjektet Aktivitetshuset fullført.

Det har kome innspel frå fagfolk om at dei byggetekniske løysingane i dusjane ikkje var gode nok. Kommunen er søkt om eit samarbeid for å gjera dei i stand til å tåle dagleg bruk.

Damevennene har hatt nok eit aktivt år. Gjennom ulike arrangement har dei bidrege til gjennomføring av ulike prosjekt i Aktivitetshuset. Det meste av pengane frå damevennene gjekk ifjor til oppføring av klatreveggen. Flaskepantordninga er ei solid og trygg inntekt og i fjor kom det inn 25.000.

Rekneskapa viser eit underskot på 16.576 kroner mot 111.693 året før.

Driftsinntektene var 155.542 kroner og driftskostnadane 110.610 kroner

Styret gjer framlegg om overføring frå annan eigenkapital for å dekkja underskotet.

Av Ola Matti Mathisen